

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F1119	Knut Øyjordet	02.06.23	21/23

SPØRSMÅL OM OPPSETTING AV SPIKARTELT PÅ STEINHOLET

Saksdokument: Ingen.

Saksutgreiing og vurdering:

Vi har fått eit spørsmål frå ein som har hatt campingvogn på Steinholet i fleire år om å kunne setje opp eit spikartelt inntil vogna. For å ta litt historikk om Steinholet som campingplass, så har den vore nytta til vanleg camping og organisert leirbruk i mange år. På 1980-talet tilrådde fjellstyret overfor skogforvaltninga (Statskog nå) at Steinholet burde vore betre tilrettelagt, spesielt dei sanitære forholda. Fjellstyret vedtok i sak 77/87 å søkje om gratis feste på Steinholet og samtidig søkje om økonomisk støtte til sanitäranlegg. Dersom dette vart imøtekome, ville fjellstyret leggje opp drifta mest mogleg etter sjølvkostprinsippet.

Det vart oppretta ei festekontrakt som tredde i kraft i 1991. Arealet omfattar ca. 97,5 dekar som skulle nyttast til campingplass/leirplass slik det står i sak 77/87, og med kr 0 i årleg avgift. Fjellstyret fekk kr. 70.000 i tilskot den gongen, og bakgrunnen var «å finansiere leir- og rasteplass ved Steinholet ut frå at dette ser ut til å kunne løse de langvarige problem med villcamping i området».

Fjellstyret har etter dette drive plassen primært for at det skal finnast eit enkelt og billeg campingtilbod i Sjodalen etter at campingreguleringa vart innført i ca. 1990. Det er ei enkel tilrettelegging her, dvs. to toalett med tett tank, vasspost og søppelcontainer. Campingavgifta er nå kr. 75 pr. døgn og kr. 750 pr. sesong, som gjeld både telt, lavvo, bobil og campingvogn. I tillegg er det enkelte somrar speidarleir her. Det er ingen forteneste å drive plassen, inntekter er på ca. 25.000 i året. Kostnadene er tömming søppel, tömming og vedlikehald av toaletta, vedlikehald av vegen, arbeid med vask doar/tilsyn osv. Steinholet er i dag den einaste campingplassen i Sjodalen med det ein kan kalle «enkel» tilrettelegging. Å opne for spikartelt vil endre karakter bort frå den «enkle» tilrettelegginga. For å ha eit slikt campingtilbod i Sjodalen, bør fjellstyret halde fram med å drifte Steinholet og med same fasilitetar som i dag.

Innstilling til vedtak:

Fjellstyret vil inntil vidare halde fram med å drifte Steinholet som campingplass etter prinsippet «enkel» tilrettelegging. Dette for at det i Sjodalen fortsatt skal finnast eit enkelt og rimeleg campingtilbod. Fjellstyret vil difor ikkje opne for oppsetting av spikartelt.

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Vågåmo, 02.06.23

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no